



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 23, 16. juni 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### **Fjordkonferansen 2022: "Nyskaping"**

Fjordkonferansen 2022 blir arrangert i Loen, 16.–17. juni, på Hotel Alexandra i regi av NTNU i Ålesund. Temaet for årets Fjordkonferanse er nyskaping.

Konferansen inviterer med dette til ein diskusjon av omgrepet nyskaping i brei forstand. Konferansen skal stimulere til ein fruktbar debatt om korleis omgrepet "nyskaping" gjer seg gjeldande innan og på tvers av ulike fagfelt.

**LES MEIR**



## Hans Strøm-prosjektet er godkjent

Høgskulen i Volda har fått melding om at Kommunal- og distriksdepartementet har godkjent prosjektet ombygging av Hans Strøm-prosjektet. Prosjektet kan difor halde fram som planlagt. Det var noko uvisst kor lang tid godkjenninga ville ta, men det er no avklara.

**LES MEIR**

## Studium og studentliv:



### Her er det nye arbeidsutvalet i Studentparlamentet

Det er nyst valt nytt [arbeidsutval i Studentparlamentet](#) og det nye arbeidsutvalet vil gjere det enda betre å vere student i Volda. Få med deg kva dei vil hjelpe og arbeide med. Følg gjerne Studentparlamentet på [Facebook](#) og [Instagram](#). [Les meir om studentparlamentet på nettsidene våre](#).

## **Timeplanen for hausten 2022: Undervisning også på Uppheim**

Timeplanen for hausten 2022 er no publisert og [du finn den her](#). Sidan Hans Strømhuset blir pussa opp er ingen rom tilgjengelege der i 2022-2023, og heller ikkje Veksel-Strøm. For å få plass til alle har Høgskulen leigd undervisningslokale i forsamlingslokalet Uppheim hausten 2022 har høgskulen. Der er det plass til inntil 133 personar. Om det viser seg at det ikkje er behov for undervisningsrom så gi snarast råd beskjed til romtingar.

## **Internasjonal dag 2023: Onsdag 8. februar 2023**

Neste [Internasjonal dag vert onsdag 8. februar, 2023](#). Det er planlagt eit fysisk arrangement slik det har vore i åra før pandemien, men det er litt uvisst om arrangementet blir i BK-kantina. Det kjem an på korleis kantina passar til slike arrangement når det kjem nye kantinemøblar i haust. Det er bra om alle faglege og administrative einingar merkar seg datoen og planlegg vårsemesteret 2023 med dette i tankane. Internasjonalt kontor og internasjonalt utval har dei siste åra oppmoda til at det ikkje vert lagt undervisning til kl. 11:00-13:00 på internasjonal dag, slik at studentar skal ha høve til å delta på mesteparten av arrangementet. Men det er ikkje heldig om all undervisning vert avlyst, då det truleg vil føre til at mange studentar ikkje kjem til høgskulen i det heile.

## **Mengder av mangfaldige kulturbidrag på Avdeling for kulturfag**

Ved Avdeling for kulturfag har det den siste tida vorte arrangert konsertar, framsyningar og utstillingar i samband med bacheloroppgåvene på avdelinga. [Les meir på nettsidene våre](#).

## **Bachelormarkering for 83 studentar på sosialfag**

Institutt for Sosialfag inviterte avgåande studenter, pårørende og tilsette til feiring av kandidatane ved bachelorutdanningane i sosialt arbeid i kantina på Berte Kanuttehuset, og det var heile 83 studenter som møtte opp og endeleg kunne senke skulderane, feire seg sjølve og motta velfortent fagnad etter tre spesielle og utfordrande år med til dels hardt arbeid. [Les meir på nettsidene våre](#).

## **Kantina sommarstenger 24. juni**

Kantina har sin siste opningsdag før ferien fredag 24. juni og opnar igjen 8. august.

## **Biblioteket i sommar: Sommaropning 13.6.-21.8.**

Frå 13. juni til og med 21. august har biblioteket kortare bemanna opningstider, og på grunn av ferieavvikling er også nokre veker med meirope og ubemanna bibliotek. Siste frist for å bestille lån og kopiar frå andre bibliotek er torsdag 30. juni. Frå 8. august er det igjen ope for bestillingar.

Biblioteket vil som vanleg vere meirope måndag–søndag med tilgang med studentkort/tilsettkort 07:00–24:00.


Veke 24–27 (13. juni–10. juli): Bemanna skranke: Måndag–fredag 10:00–14:00 Merk! Tysdag 21. juni er biblioteket meirope heile dagen.

Veke 28–31 (11. juli–7. august): Meirope bibliotek, tilgang med kort.

Veke 32 (8. –14. august): Bemanna skranke: Måndag–fredag 10:00–14:00

Veke 33 (15. –21. august): Bemanna skranke: Måndag–onsdag og fredag: 09:00–15:00 og torsdag 10:00–15:00

## Fag og forskning



### Katten og kråka nominert til "Årets teikneserie"

Boka "Katten og kråka" er [ein av fem nominerte til prisen "Årets teikneserie"](#). Tekstforfattar er Arild Torvund Olsen, AHL/Nynorsksenteret. Juryen som har nominert boka seier: "Sjelden ser man en sånn tvers igjennom profesjonell og gjennomarbeidet utgivelse som dette! Figurene er både detaljerte og morsomme, sideoppsett er dynamisk og oversiktig, og fargeleggingen er innbydende og lekker. *Katten og Kråka* viser at også tegneserier for de aller yngste holder et høyt, internasjonalt nivå." [Les meir om dei nominerte på nettsidene til teikneseriefestivalen OCX \(Oslo Comix Expo\)](#).

## 7 søknader på professor- og dosentstipend>

I alt har 7 HVO-tilsette søkt om professor- eller dosentstipend innan søknadsfristen 15. juni 2022. Forskingsutvalet tildeler midlane etter innstilling frå forskingsadministrasjonen. Her er søkerane:

Gro Anita Bårdseth, ASH

Hildegunn Valen Kleive, AHL

Ralph Meier, AHL

Ådne Meling, ASH

Stein Helge Solstad, AKF

Harald Endre Tafjord, ASH

Kjetil Vaage Øie, AMF

[Les meir om ordninga på nettsidene våre.](#)

## Styre og stell:

### Styremøtet 16. juni - her er sakene

Siste styremøte før ferien vert halde 16. juni, og styresakene er å finne på [dei faste sidene](#). På dagsorden står blant anna val av leiingsmodell, strategisk handlingsplan, handlingsplan for inkluderande læringsmiljø, forskingsmeldinga for 2021, godkjenning av søknad på ny master i barnevernsarbeid og oppnemning av skikkanemnd. Møtet blir strøyma og lenka blir tilgjengeleg på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no) før møtet.

## Forskningsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

### Lyser ut midlar til utanlandsopphald: Søknadsfrist 15. august

Stipendiatar og fagleg tilsette ved HVO kan søkje om støtte til utanlandsopphald. Føremålet er å medverke til auka mobilitet, stimulere til internasjonalt forskingssamarbeid, nettverksbygging i utlandet og internasjonal erfaring. Støtta skal brukast til å dekke dokumenterte meirkostnadar ved forskingsopphald i utlandet, primært utgifter til reise og bustad. Det kan vere høve til å søkje om støtte til å ta med familien på utanlandsopphald. [Les meir om ordninga på nettsidene våre.](#)

# Publisering og formidling

## Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

## Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

## Haakon Sørli i Historisk tidsskrift: Om prestar og trolldom

Stipendiat Haakon Hegsvold Sørli, ASH/Historie, har publisert ein artikkel i Historisk Tidsskrift: ["Geistlighetens rolle i trolldomsprosessene. En revurdering med fokus på Finnmark"](#). Argumentet i artikkelen presenterer Sørli slik: "Geistligheten i Norge har primært blitt ansett som pådrivere i de historiske trolldomsprosessene, og det var lovpålagt i trolldomsforordningen av 1617 at de skulle straffeforfølge antatte trollfolk. I artikkelen reflekterer jeg rundt hvordan vi kan nyansere geistlighetens rolle i trolldomsprosessene ved å inkludere også de geistlige som hadde alternative tilnærminger til trolldomsfenomenet. Jeg hevder at det er mulig å oppnå denne nyanseringen om man tar utgangspunkt i at de geistlige i periferien sto i et skjæringspunkt mellom sentralstatens krav og lokalsamfunnet krav. Eksistensen i dette skjæringspunktet, hevder jeg, skapte diverse lojalitetsbånd som påvirket de geistliges embetspraksis – også i henhold til trolldomsfenomenet."

## Stein Conradsen skriv om "Tillit" i Store norske leksikon

Førsteamanuensis Stein Conradsen, AHL, har skrive [artikkelen om oppslagsordet "tillit"](#) i Store Norske Leksikon, som er gratis tilgjengeleg på nett.

# Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

## Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i norsk/norskdidaktikk - søknadsfrist 28. juni 2022

Ved Høgskulen i Volda, avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Institutt for språk og litteratur, er det ledig ei mellombels stilling som førsteamanuensis/-førstelektor/høgskulelektor i norsk/norskdidaktikk frå 1.8. 2022 til 31.7.2023.

Bakgrunnen for stillingsutlysinga er at fleire tilsette har permisjonar for å arbeide med forskning.

Stillinga er knytt til institutt for språk og litteratur, seksjon for norsk i lærarutdanningane. Seksjonen tilbyr norskfaglege emne i grunnskule- og barnehagelærarutdanning og i praktisk-pedagogisk utdanning. I dei femårige grunnskulelærarutdanningane har vi mastertilbod i norsk både innanfor grunnskulelærarutdanning 1-7 og 5-10. Vi tilbyr også årsstudium i norsk språk og samfunnskunnskap for internasjonale studentar. Instituttet tilbyr også årsstudium og fordjupingsstudium i nordisk språk og litteratur og ein mastergrad i skriftkultur, årsstudium i engelsk, og etter- og vidareutdanningstilbod i norsk og engelsk. Vi samarbeider med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, som held til ved same avdeling.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

### **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse - søknadsfrist 1. september 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/-høgskulelektor i digital kompetanse frå 1.1.2023. Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærarutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen (DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

## **Møte, seminar og anna på HVO:**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

### **Faglege arrangement på og ved HVO:**

16.6.2022: [Høgskulestyret](#)

16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022, tema: Nyskaping](#), Loen

20.6.2022: Sommaravslutning ASH

21.6.2022: Felles sommaravslutning, BK Kantina

22.6.2022: Sommaravslutning AMF

23.6.2022: Sommaravslutning AHL, BK Kantina

### **Hausten 2022:**

10.-11.8.2022: Dekanseminar - særleg om studiekvalitet

16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)

4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)

23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)

26.9.2022: [Familie- og kulturkomiteen besøker Høgskulen i Volda](#)  
29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)  
1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)  
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset  
18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

15.6.2022: [Orientering til høgskulestyret på møtet 16. juni](#)  
10.6.2022: [Vald eller tilsett rektor: Korleis skal Høgskulen i Volda styrast i framtida?](#)  
2.6.2022: [Helsing til det første kullet på den \(nesten\) siste skuledagen](#)  
1.6.2022: [Første førstelektorsamling](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

### STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)  
[Nærnett](#)

## Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)